



Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Kulturavdelinga
Sak nr.: 15/9465-52

Fylkeskulturprisen 2015

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskulturprisen for 2015 blir tildelt

Vedlegg:

- 1 Retningslinjer
- 2 Innkomne framlegg
- 3 Tidlegare tildelingar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Dette er den 36. gongen fylkeskommunen skal dele ut fylkeskulturprisen. Gjennom desse åra har 29 enkeltpersonar fått prisen. 14 av dei har fått prisen aleine, medan dei andre har delt prisen med ein annan person. I 2004 delte tre personar prisen. I tillegg er det 14 lag/organisasjonar som har fått prisen, alt frå kor/grupper til spel, utstillingar, festivalar og organisasjonar.

Føremålet med prisen er hjelpe fram kulturlivet i fylket.

Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag eller organisasjonar

- som hører heime i fylket.
- som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.
- som har talent, viser kreativitet og evne til nyskapning.

Ein vil særleg vere opptekne av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeid med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Hovudutval for næring og kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. I HNK-sak 02/2015 vart desse oppnemnde til ei innstillingssnemnd som skal vurdere og innstille kandidat(ar) til kulturprisen: Erlend Haugen Herstad, Torbjørn Vereide, Anne K. Lilleaasen. Vara: Jakob André Sandal.

2. Kandidatar og vurderingar

Kulturprisen har vore annonsert i alle aviser i fylket med 1. november som frist til å komme med grunngjevne framlegg til kandidatar. Det har komme inn 23 framlegg. Fleire av kandidatane har også vore føreslått tidlegare år.

Innstillingsnemnda har hatt 2 møter. I tillegg til dei 23 innkomne framlegga har nemnda også drøfta kandidatar som har vore føreslått tidlegare.

Etter ei grundig vurdering samla nemnda seg om 3 forslag som vert lagt fram for hovudutvalet som dei mest aktuelle kandidatane i 2015. Nemnda har i si vurdering lagt vekt på engasjement, kvalitet, nyskaping og tilrettelegging. Hovudutval for næring og kultur gjer endeleg vedtak.

Dei 3 kandidatane innstillingsnemnda fremjar er:

1. Hilde Bjørkum

Hilde Bjørkum har sidan starten i 1990 bygd opp Førdefestivalen til ein av dei sterkest kulturmerkevarene fylket har i dag. Bjørkum har klart å kombinere kunstnarleg utvikling og suksess med fast økonomisk og administrativ styring. Ho har reist verda rundt for å lære, gjere festivalen kjend og kvalitetssikre artistane som kjem til Førde. Hilde Bjørkum har meistra alle sider ved det å drive ein festival, frå planlegging og etablering til drift og utvikling. Det er ikkje mange leiarar av norske kulturstasjonar som kan vise til slike resultat.

Bjørkum har heile tida satsa på kvalitet. Målet har vore å utvikle ein sjangerfestival med tydeleg profil. Å skape ein festival for dei musikalsk nysgjerrige. Ho har heile tid hatt mot til å fornye og presentere musikk og dans på nye måtar og arenaer, frå det intime til det storslattede og spektakulære. Både Førde og nabokommunane blir nytta som arenaer for konsertar. Gjennom tallause prosjekt har ho løfta fram den lokale tradisjonsmusikken og gitt mange unge folkemusikkarar frå fylket rom til å utvikle seg til profesjonelle utøvarar.

Som direktør har ho markert seg nasjonalt og internasjonalt, og mellom anna vore president i organisasjonen «European Forum of Worldwide Music Festivals» og medlem av ekspertkomiteen for EU sitt «Culture 2000-programme». Ho har også vore medlem i fagutvalet for musikk i Norsk kulturråd. Ho er oppnemnd som medlem til styret for Norges Musikkhøgskule for 2014-20???. I 2006 fekk Hilde Bjørkum heidersprisen til Rådet for folkemusikk og folkedans. Prisen går til personar som har utmerka seg med stor innsats av nasjonal verdi for folkemusikken og folkedansen.

2. Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie

Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie flytta til Fjaler i 2008 og har vist at det er mulig å arbeide som profesjonelle freelance scenekunstnarar i Sogn og Fjordane. I 2013 starta dei Teaterfestivalen i Fjaler. Festivalen har som mål å skape eit møtepunkt mellom kunsten og bygda på fleire nivå. I løpet av festivaldagane kan ein la seg engasjere av scenekunst, men også delta på debattar, føredrag og andre aktivitetar med utgangspunkt i ulike tema. I 2013 var tema «Perifere historier», i 2014 «Skog» og i 2015 «Fjord».

Torkil Sandsund er utdanna regissør, Miriam Prestøy Lie er teaterregissør og dramatikar. Sandsund har hatt regi på ei rekke oppsettingar i Norge og Afghanistan, vore nominert til Heddaprisen to gonger og motteke Statens kunstnarstipend for yngre regissørar to gonger. Miriam Prestøy Lie har tidlegare drive dansekompaniet Fiksdal/Lie og i perioden 2013 til 2015 vore husdramatikar for Dramatikkens hus i Oslo. I 2013 og 2014 var ho regissør for Kinnaspelet. I 2009 produserte dei stykket «Urmakaren hjarte» saman i Fjaler med premiere på Førdefestivalen og turné i regi av Sogn og Fjordane teater. I 2015 vart stykket «Matjord» av Torkil Sandsund vist for elevar i vidaregåande skule i regi av Den kulturelle skulesekken. Sandsund og Lie har hatt samarbeidsprosjekt med teatermiljø i Askvoll, Gauldal, Naustdal, Florø. Dei er også engasjert saman med lokale krefter i prosjektet «Der båra bryt» i Bremanger. Prosjektet er støtta av både Norsk kulturråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sandsund og Lie er gode til å trekke fram viktige samfunnsspørsmål og gjere dei aktuelle på nye måtar. Dei har auka mangfaldet av teateruttrykk i fylket.

3. Kristin Sønnerheim, Finn Loftesnes og Sogn og Fjordane Turlag v/Barnas turlag, Sogn og Fjordane

2015 er Friluftslivets år. Markeringa har som mål å auke deltakinga i friluftsliv frå alle deler av befolkninga. Gjennom året skal ein få auka kunnskapen om den positive effekten friluftsliv har på folkehelsa, om allemannsretten og dei gode mulighetene alle i Norge har til å utøve friluftsliv. Barn, unge og barnefamiliar er hovudmålgruppe, men det er samtidig eit mål å nå heile befolkninga.

Kristin Sønnerheim, Finn Loftesnes og Sogn og Fjordane turlag v/Barnas turlag er på kvar sin måte, og innan kvart sitt område gode representantar for det å legge til rette for eit aktivt friluftsliv i heile befolkninga. Saman viser dei breidde i innsats og alder. Dei har felles ei stor interesse for å ta vare på, formidle og bruke naturen vår; både friluftslivet og dei kulturverdiane som er knytt til landskapet.

Kristin Sønnerheim

Kristin Sønnerheim har lagt ned ein stor innsats i å gjere Aurlandsdalen tilgjengeleg for ålmenta. Saman med ektemannen Kåre Sønnerheim rydda ho vegar og stiar med handemakt kvar einaste vår. Dei reparerte skader og sette opp og fornya skilt. Etter at ektemannen døydde har Kristin halde fram arbeidet og ført vidare ideane, tankane og vyene dei hadde saman.

Ho har også engasjert seg sterkt i å ta vare på gamle gardar og stølshus, og vore talskvinne for å ta vare på kulturverdiane desse bygningane representerer. Garden Sinjarheim, der ektemannen vart fødd, har dei siste åra hatt sommardrift.

I dag er Aurlandsdalen den mest kjende dalen i landet. Den er alltid mellom «Topp 10-turane» i landet, og vandrerutene blir brukt av hundrevis av menneske kvart år.

Finn Loftesnes

Finn Loftesnes har som naturfotograf, føredragshaldar og forfattar formidla den eineståande naturen vi har i Sogn og Fjordane. Han har vore fotograf for «Oppetur» - bøkene Selja forlag har gitt ut og gjennom dei vore med å legge til rette for friluftsliv både i eige fylket og andre deler av landet det er laga bøker om i serien.

Loftesnes har laga og er fotograf for lysbileteshowet som vart vist på Breheimsenteret i 20 år, og det nye laga til opninga i 2013. Han har også laga lysbileteshowet på Fjordsenteret i Geiranger. Loftesnes er ein dyktig forteljar og formidlar både gjennom tale, foto og musikk. Han har halde mange lysbildeforedrag om naturen og kulturen i fylket og presentert naturskattar vi har i fylket vårt.

Sogn og Fjordane turlag v/Barnas Turlag, Sogn og Fjordane

Barnas Turlag er ei av turgruppene i Den norske turistforeining. Barnas Turlag legg til rette for eit aktivt uteliv for barn mellom 0 og 12 år. Gjennom Barnas Turlag kan barnefamiliar møtast og gå på tur i lag innan trygge rammer. Tilbodet i dei ulike turlaga varierer, frå fellesturar til tilrettelagde turpostar tilpassa aldersgruppa. Alle kommunar i fylket har tilbod, men ikkje alle har eigne lag. Kvar haust og vår arrangerer ein «Kom deg ut dagen» med ulike aktivitetar knytt til friluftsliv. I 2014 var om lag 1600 barn og unge med på desse arrangementa. Ved årsskifte 2014 hadde Barnas Turlag 1058 medlemmar i Sogn og Fjordane.

Barnas Turlag gjer ein viktig jobb for å senke terskelen for delta i friluftsliv blant barn og unge. Gjennom sine turar og arrangement skaper dei turglede og fellesskap, og er med å legge grunnlaget for aktivt friluftsliv frå fødselen av. Det er ein viktig møteplass for barnefamiliar, ein stad å møte nye vener og saman dele naturopplevelingar. Gjennom sitt arbeid er Barnas Turlag med på å oppfylle målsettinga med Friluftslivets år i Sogn og Fjordane.

3. Konklusjon

På bakgrunn av førebuingsarbeidet frå innstillingsnemnda, gjer hovudutval for næring og kultur endeleg vedtak om mottakar(ar) av fylkeskulturprisen 2015. Prisen, diplom og ein sum på 50 000 kr, og vert delt ut på fylkestinget 8. desember 2015.